

Åsane Byggmesterforretning AS  
Hesthaugvegen 18  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6463 - 21/65561

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
01.10.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 137/185 og 137/803 Alver

**Tiltak:** Bustadbygg 6 og 7  
**Byggjestad:** Gbnr: 137/185  
**Tiltakshavar:** Sommerro Panorama AS  
**Ansvarleg søkjar:** Åsane Byggmesterforretning AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.07.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan som er målsett og der byggegrenser er teikna inn.
2. Utanomhusplan i samsvar med føresegn 2.1.2, dvs. som viser avkøyring, opparbeiding av terreng, eksisterande og framtidig terreng, murar og trapper m.m.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.11.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 124

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Åsane Byggmesterforretning AS

Hesthaugvegen 18

5119

ULSET